

# **HANDLINGSPLAN FOR ØKOLOGISK LANDBRUK I ROGALAND**

**2007-2015**



**ROGALAND BONDELAG**



**FYLKESMANNEN I ROGALAND  
LANDBRUKSAVDELINGA**

**Rogaland  
Bonde og  
småbrukarlag**



**Oikos Rogaland**

## I. Forord

Regjeringa si målsetting om at 15 % av produksjonen og forbruket av mat skal vere økologisk innan 2015, er ei ambisiøs nasjonal målsetting. For Matfylket© Rogaland er målsettinga spesielt utfordrande.

Rogaland er Matfylket og skal vere den fremste matregionen i landet også etter 2015. Saman med energisektoren er matnæringa det viktigaste strategiske næringsutviklingsområde for regionen. Ein matregion utan tilstrekkeleg med økologiske eigenproduserte råvarer er etter vår mening ein ufullstendig matregion. Dersom vi ikkje går for at Matfylket skal ha eit visst omfang av økologisk eigenprodusert mat, vil dette vere ein klar konkurranseulempe for landbruket i fylket. Vi ønskjer ikkje ein slik situasjon. Vi ser det som naturleg at vi bidreg med vår skjerv i høve til dei nasjonale målsettingane.

20 % fylket er Matfylket ofte omtalt som. Med om lag 10% av både gardsbruka og det totale jordbruksarealet i landet, ligg det god og effektiv drift bak 20 prosenten. For einskilde produksjonar har Rogaland ein dominerande posisjon. Mykje tyder på at Rogaland framover vil auke sin relative del av den totale produksjonen av mat i landet – produksjonar vi ønskjer skal vere produsert rundt i heile fylket. Ut frå eit slikt framtidsbilete meiner vi at det er rett at landbruket i Rogaland på sikt må produsere minst 20 % av den totale økologiske produksjonen i landet. Om vi greier dette innan 2015 er for oss ikkje det mest sentrale. Det viktigaste for oss no er å arbeide for å nå dei hovudmåla vi har sett i denne handlingsplanen. Deretter reknar vi med at ballen i stor grad vil rulle av seg sjølv.

Økologisk landbruk har vore eit utfordrande og til dels vanskeleg tema i mange år. Diskusjonen er på langt nær slutt, men vi erkjenner at modningstida i vårt fylke har vore lang. Samstundes er vi klare på at temperaturen kring temaet i stor grad heng saman med kva inngang ein har – som t.d. marknad, miljø, helse, dyrevelferd. Vår felles inngang er marknad – vi skal dekke den etterspurnad forbrukaren har etter norske økologisk elandbruksprodukt.

Forbrukaren er sjefen – og det vil ligge ulike preferansar bak dei vala kjøparen gjer. Økologisk og konvensjonelt produsert mat representerer ulike kvalitetar forbrukaren kan velja mellom. Det er ingen motsetnad i dette. Vi trur marknaden finn ut av dette sjølv. Vi ønskjer at det blir produsert gode kvalitetar både økologisk og konvensjonelt. Og vi trur at ulike produksjonsmetodar har mykje å tilføre kvarandre.

Desember 2006

**Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga**  
Landbruksdirektør Jon Ola Syrstad

**Rogaland Bondelag**  
Arna Høyland

**Oikos Rogaland**  
Styreleiar Harald Wiig Bjørn-Nielsen

**Rogaland Bonde- og Småbrukarlag**  
Svein Narve Veshovda

# Innhald

I. Forord.....	2
II. Innleiing .....	4
III. Organisering: .....	6
1 Målsetnad: .....	7
2 Strategiar: .....	8
2.1 Auke kompetansen om økologisk landbruk .....	8
Sentrale tiltak: .....	8
2.1.1 Nettverk. ....	8
2.1.2 Informasjon.....	9
2.1.3 Demonstrasjon .....	9
2.1.4 Barn og ungdom .....	9
2.2 Auke primærproduksjonen av økologiske varer.....	10
Sentrale utfordringar for auka primærproduksjon: .....	10
2.2.1 Prosjekt: Økologisk storfehald .....	10
2.2.2 Demonstrasjon .....	10
2.2.3 Økologisk mjølkeproduksjon.....	11
2.2.4 Økologisk storfekjøtproduksjon.....	12
2.2.5 Økologisk sauehald .....	13
2.2.6 Økologisk svineproduksjon .....	14
2.2.7 Økologisk fjørfehald .....	14
2.2.8 Økologisk kornproduksjon .....	15
2.2.9 Økologisk veksthusproduksjon .....	16
2.2.10 Økologisk potet – og grønsakproduksjon.....	17
2.2.11 Økologisk potet.....	18
2.2.12 Økologisk frukt og bær .....	18
2.3 Auke foredling og omsetting av økologiske varer .....	19
Tiltaksområde: .....	19
2.3.1 Økologisk Matkultur .....	19
2.3.2 Økologisk mat i Storhushaldning: .....	20
2.3.3 Abonnementsordning .....	21
2.3.4 Dagligvaremarknaden .....	21
3 Status for økologisk landbruk i Rogaland.....	22
3.1 Produksjon og omsetnad av økologisk mat .....	22
3.2 Rammevilkår for økologisk landbruk: .....	25
3.2.1 Offentlige myndighetar sine mål .....	25
3.2.2 Regelverk .....	25
3.2.3 Aktuelle tilskotts - og finansieringsordningar.....	26
3.2.4 Naturgitte rammevilkår viktige for produksjonen.....	27

## II. Innleiing

Noreg har i lang tid og med skiftande regjeringar hatt ambisiøse mål når det gjeld produksjon og omsetnad av økologisk mat. Ti prosent har i lang tid vore ei politisk målsetting som vi har hatt å strekka oss mot.

Det har vore brukt store ressursar for å få dette til, og no ser vi at stemninga er i ferd med å snu. Spesielt på forbrukarsida er det klare teikn på at fleire forbrukarar vel økologisk til den meirprisen økologiske produksjon må ha. Dette gjeld både på kjøtt og grøntsida, men er spesielt merkbart på mjølkesida der det ofte er tomt i hylla der den økologiske mjølka har sin plass.

I dag ber derfor så vel Nortura som Tine om meir økologiske varer. Utfordringa for landbruket vert å få opp produksjonen for å dekka den auka etterspurnaden.

I "Soria Moria" erklæringa frå vår nye regjering heiter det om dette:

*"Regjeringa vil at det skal være et mål at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket i 2015 skal være økologisk".*

Dette er fylgt opp i stortingsprop. nr 1 for 2006 -2007 der det mellom anna heiter:

*"Satsinga på økologisk jordbruk skal medverke til å gjøre det norske jordbruket meir berekraftig og til å auke mangfaldet i matvaresektoren. Regjeringa har som mål at 15 pst. av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk innan 2015. Det er sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal utforme ein strategi for korleis regjeringa sitt mål kan nåast. Det har det siste året vore ein monaleg vekst i marknaden og auka etterspurnad etter økologiske produkt. Dette tyder på at vektlegginga av innsats retta mot marknaden og stimulering til organisert samarbeid mellom aktørane i bransjen har gitt resultat".*

I Stortingsprop nr 68 for 2006 - 2007 er mellom anna om utviklinga i marknaden for økologiske produkt omtalt slik:

*"Det har vært en god utvikling i markedet for økologiske produkter i 2005.*

Økologisk mjølkeproduksjon utgjør om lag 1,7 pst. av total mjølkeproduksjon. Tre produsentar mottek i dag økologisk mjølk til foredling, Tine, Rørosmeieriet og Haugaland meieri. Tine er den største mottakaren av økologisk mjølk. I 2005 begynte Tine å produsere all sin kefir på økologisk mjølk. Den økologiske rømmen har hatt ein auke i salet på heile 43 pst. og utgjorde i 2005 9,2 pst. av Tines totale sal av lettrommme. Også andre økologiske mjølkeprodukt frå Tine har hatt god auke. Økologisk lettmjølk, Norvegia og fruktyoghurt har hatt ein auke i salet på hhv. 9,7 pst., 15,2 pst. og 17,9 pst. i forhold til 2004.

Økologisk kjøtproduksjon utgjør framleis berre 0,6 pst. av samla kjøtproduksjon. For 2005 har det samla sett vore ein reduksjon på 4 pst. i innvægd mengde slakt. Delen økologisk kjøtproduksjon som når marknaden som økologisk vare, har auka frå 10,5 pst. i 2004 til 16 pst. i 2005. Nortura har den dominerande posisjonen i marknaden for mottak av slakt, og tek imot ca. 77 pst. av det økologiske slaktet.

Produksjonen av økologiske egg gikk noko ned frå 2004 til 2005, men det er sannsynleg at produksjonen vil auke betraktelig. I 2006 har det vore mangel på økologiske egg i mange butikkar. Det er i eggproduksjonen at størst prosent av det som vert produsert som økologisk kjem ut til forbrukaren som økologisk. I 2004 var delen 60 pst. , medan den auka til 76 pst. i 2005. I andre halvår 2005 nådde 100 pst. av den økologiske eggproduksjon forbrukaren som økologisk.

Innan dagligvaresegmentet er det COOP og Norgesgruppen som har tatt størst grep om dei økologiske varane. Dei rapporterer om auke i salet. Frå 2004 til 2005 var auken på 30-40 pst.. Det er mjølkeprodukt, kjøt, frukt og grønt og barnemat som har hatt størst auke. Storhusholdningssegmentet utgjer ein stadig viktigare del av omsetnaden av økologiske produkt. For eksempel ble om lag 9 pst. av de økologiske mjølkeproduktene omsatt gjennom storkjøkken i 2005.

-----

Dette er ei svært gledeleg utvikling, og no tek derfor og dei tunge økonomiske organisasjonane tak i dette. Eg viser då til at Tine og Nortura no har teke eit initiativ til eit eige prosjekt for å få opp den økologiske produksjonen av mjølk og storfekjøt her i fylket. I tillegg til dette vil det vera ei fokusering på økologisk lammekjøtproduksjon i den perioden strategien gjeld for.

Handlingsplanen for perioden 2007 - 2015 har klare mål og høgt ambisjonsnivå. Men ikkje høgare enn vi meiner er realistisk i eit fylke der landbruket framleis er ein bærebjelke i næringslivet. Ein vil arbeida etter ein todelt strategi.

På den eine sida vil vi arbeide langsiktig med å byggja opp positive haldningar til økologiske produkt. Arbeidet her vil i stor mon gå mot barn og unge og unge foreldre. På den andre sida vil vi satse strategisk for å auka tilslutnaden til økologisk produksjon.

Forsøksringane i fylket vil følgja opp med gratis førsteråd til dei som kan vera interesserte i å ta utfordringa å legge om. Dermed vil ei omlegging kunne gjennomførast med den tryggleiken som situasjonen krev.

Det vi elles vil satse spesielt på er økologisk tomatdyrkning. Det vart det med godt resultat gjennomført slik dyrking i eit veksthus på Talje i 2006. Det økonomiske resultatet er bra og gartnaren vil utvide produksjonen i 2007 og gå over til meir cherrytomatar.

Økonomisk vil dei som legg om med vanleg god agronomi koma godt ut. Vi har god dokumentasjon for å meina det. Men dei som vel å gå over til ein økologisk produksjon må vera førebudde på å ta dei agronomiske utfordringane ein slik produksjon krev. Det er positivt at det nå er ein del yngre gardbrukarar som ser på dette som ei positiv utfordring.

Det er no eit udekka marknad for økologiske matvarer av alle slag. Det er ein positiv moglegheit for produksjonsglade Rogalendingar. Denne marknaden vil bli dekkja, og om vi ikkje får bøndene i fylket vårt til å ta utfordringa, vil dette volumet bli importert til landet. Vi vil då gi frå oss eit viktig verdiskapingspotensial som det i landbruket så absolutt er behov for.

Planen skal vere ei rettesnor for alle organisasjonane i landbruket i Rogaland sitt arbeid med økologi i denne perioden. Vi reknar difor med at strategiar og tiltak i denne planen blir innarbeidd i dei enkelte verksemndene sine årlege strategiplanar.

Joar Oltedal, Ass landbruksdirektør.

### **III. Organisering:**

Arbeidet med ein regional handlingsplanen for økologisk landbruk skal administrerast av fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga i samarbeid med sentrale aktørar i fylket. Det er satt saman ei ressursgruppe med følgjande personar:

	<b>Organisasjon</b>	<b>Representant</b>
1	Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga	Joar Oltedal, Ass landbruksdirektør. Leiar av ressursgruppa
2	Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga	Monica Dahlmo, rådgjevar
3	Forsøksringane i Rogaland	Torbjørn Ruud, ringleiar Haugaland landbruksrådgjeving Vera Bergaas Utne, ringleiar Jæren forsøksring (varamedlem)
4	Rogaland Bonde- og Småbrukarlag	Svein Narve Veshovda, styreleiar
5	Rogaland Bondelag	Arna Høyland, styreleiar
6	Oikos Rogaland	Harald Wiig Bjørn-Nielsen, styreleiar
7	TINE	Terje Øen, fagsjef TINE Sør
8	Ullandhaug økologiske gård	Jostein Hertwig, daglig leiar
9	Kommunal landbruksforvaltning	Daniela Dobbert, jord brukssjef i Sandnes og Stavanger.
10	Bioforsk Særheim	Olav Harbo / Michel Verheul
11	Nortura region vest	Ingvill Jørgensen
12	Felleskjøpet Rogaland Agder	Bent Egil Elve
13	Innovasjon Norge	Åge Jørgensen
14	COOP	Nils Sandmo, butikksjef COOP Mega Brueland
15	Fatland	Berit Pettersen

Ressursgruppa skal utarbeide mål og strategiar for økologisk landbruk i Rogaland og yte til samhandling og betre nytte av ressursane innan emnet.

Dei regionale mål og strategiar som er utforma i handlingsplanen dannar grunnlag for fordeling av midlar knytte til rådgjeving og informasjon innan økologisk landbruk. Frist for søknad om midlar knytte til oppfølging av dei regionale handlingsplanane er 15. februar. Arbeidsgruppa har som mål å møtast minst ein gong kvart år. Kvar haust skal behovet for revisjon av handlingsplanen vurderast.

Målgruppa for handlingsplanen er alle aktørar innan, og tilknytte, landbruket i Rogaland. Det kan vere seg produsentar, foredlingsledd, omsetningsledd og forbrukarar.



## 1 Målsetnad:

### Hovudmål for økologisk landbruk i Rogaland:

- ◆ **100 bruk med økologisk mjølkeproduksjon innan 2015** (Utgjer ca 4 % av tal gardar med mjølk i 2005)
- ◆ **150 bruk med økologisk sauehald innan 2015** (Utgjer ca 5 % av tal gardar med sau i 2005)
- ◆ **15 % av tomatproduksjonen skal vere økologisk innan 2015** (Rogaland har ca 85 % av tomatproduksjonen i Noreg)
- ◆ **100 aktørar innan restaurant og storhushaldning med godkjent kjøkken for økologisk mat innan 2015**

*Debio utarbeider årleg statistikk over økologisk landbruk som kan nyttast til å evaluere situasjonen i høve til målsetnaden.*

Ressursgruppa for handlingsplanen stiller seg bak dei regionale måla for økologisk landbruk. Fagområda sau, mjølk, tomat og storhushaldning er valt ut på grunn av den sterke posisjonen dei har i fylket. Desse produksjonane vil kunne fungere som spydspiss for omlegging til eit mangfald av økologiske produksjonar.

Når ein ikkje målsetnadane vil truleg situasjonen verte ei vesentleg underdekking av rogalandsprodukt i marknaden for økologisk mat i Rogaland.

## STRATEGI



Sentrale  
utfordringar



Sentrale  
tiltak

## Haldningar

## Samarbeid

## Kunnskaps- overføring

## 2 Strategiar:

- 2.1 Auke kompetansen om økologisk landbruk
- 2.2 Auke produksjonen av økologiske varer
- 2.3 Auke foredling og omsetting av økologiske varer

### 2.1 Auke kompetansen om økologisk landbruk

Kunnskap om økologisk landbruk i heile verdikjeda er avgjerande for å fremme økologisk landbruk i Rogaland. Haldningar mot økologisk landbruk er den største flaskehalsen for auka produksjon og omsetting av økologiske varer. Det skal vektleggast å få fram informasjon knytt til praktiske problemstillingar omkring produksjon og omsetting, økonomi og regelverk.

#### Sentrale utfordringar for auka kompetanse

- ❖ Få økologiske bønder gir få erfaringar med økologisk drift lokalt
- ❖ Det florerer mange myter om økologisk landbruk
- ❖ Det eksisterar sterke haldningar mot økologisk drift i ein skilde produksjonsmiljø

#### Sentrale tiltak:

##### 2.1.1 Nettverk.

Etablering og styrking av nettverk for å fremje samarbeid og informasjonsflyt innan økologisk landbruk skal prioriterast. Informasjon om økologisk i eksisterande nettverk er og viktig.

Eks:

- ▶ Nettverk mellom økologiske bønder – Oikos Rogaland
- ▶ Regionalt og nasjonalt nettverk innan økologisk mat i storhushaldning – Ullandhaug økologiske gård og Måltidets hus
- ▶ Nettverk mellom fagorganisasjonar, rådgjeving og aktørar i landbruket - Ressursgruppa for handlingsplanen
- ▶ Ressursgruppe mjølkeprodusentar - TINE Meieriet Sør
- ▶ Erfaringsgrupper for ulike primærproduksjonar – Forsøksringane

## Kunnskap

### 2.1.2 Informasjon

Det er viktig å auke kunnskapen om økologisk produksjon i alle ledd. Større kunnskap om økologisk landbruk er ein grunnleggande føresetnad for auka omlegging til økologisk drift og omsetning av økologiske varer.

Eks:

- Formidle aspekt ved økologiske produksjon** med omsyn på eit breiare varespekter, landbrukspolitisk utvikling, miljømessige konsekvensar og verknad på kvalitet.
- Auke kunnskap om **økologisk drift** gjennom kurs seminar, markdagar, studieturar o.l.
- Annonsering** i ulike trykte media
- Personleg rådgjeving**. Bygge på, og gjere kjent dei tilboda som er etablert innan økologisk rådgjeving.
- Informasjon til **forbrukar**
- Profilering av økologiske **varer i butikk**
- Nettbaserte kurs**
- Informasjon på **internett**
- Arbeide for å understøtte **god kontakt mellom konvensjonelt og økologisk landbruk**

## Lokal demonstrasjon

### 2.1.3 Demonstrasjon

Lokal demonstrasjon av økologisk landbruk er viktig for å auke tiltrua til økologisk landbruk i Rogaland, då i heile verdikjeda frå produsent til forbrukar.

Eks:

- Målgruppe produsentar**: Demonstrere økologisk drift og omlegging til økologisk landbruk. Døme: Private demonstrasjonsgardar, Øksnevad vidaregåande skule
- Målgruppe barn og ungdom**: Demonstrere økologiske prinsipp og økologisk drift. Døme: Ullandhaug kulturpark
- Målgruppe forbrukar**: Demonstrere økologiske prinsipp, økologisk drift og foredling. Døme: Ullandhaug kulturpark, Haugaland Meieri, Håpet økologisk, Måltidets hus

## Ungt Engasjement

### 2.1.4 Barn og ungdom

Barn og ungdom er viktig målgruppe for informasjon om økologisk landbruk. Ei av dei største utfordringane for auka produksjon og omsetning av økologiske varer er haldingane til økologisk landbruk. Her er det viktig å starte med barn og ungdom. Stavanger kommune er ein føregangskommune når det gjeld lokal Agenda 21. Det er derfor særleg aktuelt å nytte Stavanger som ein pilotkommune når det gjeld profilering av økologiske produkt, til dømes økologisk skulemjølk og skulefrukt.

Eks:

- invitasjon av skuleklassar til demonstrasjonsgardar
- utviding av økologisk skulemjølkordning
- utviding av økologisk skulefruktordning
- samarbeid med barn og ungdomsorganisasjonar
- besök og informasjon om økologisk landbruk til vidaregåande skuler

**STRATEGI**

**Sentrale  
utfordringar**



**Sentrale  
tiltak**

**Prosjekt:  
Økologisk  
storfelthald**

## **2.2 Auke primærproduksjonen av økologiske varer**

Låg produksjon av økologisk mat er i 2006 den største utfordringa for økologisk landbruk i Rogaland. Føresetnadane for økologisk produksjon i Rogaland er jamt gode, og det bør satsast særleg på dei produksjonane kor Rogaland har gode tradisjonar.

### **Sentrale utfordringar for auka primærproduksjon:**

- ❖ Mangel på kunnskap og erfaring på kva økologisk produksjon er
- ❖ Liten kunnskap om økonomi økologisk landbruk
- ❖ Krav i regelverk for økologisk landbruk som er tilpassa ein situasjon med høgare produksjon og fleire bønder

### **Sentrale tiltak:**

#### **2.2.1 Prosjekt: Økologisk storfehald**

TINE Meieriet Sør, Jæren forsøksring, Nortura Vest og Felleskjøpet Rogaland Agder vil smarbeide om eit rekrutteringsprosjekt for å auke produksjonen av økologisk mjølk og storfe. Satsinga kan verte sett på som ei vidareføring av Fylkesmannen sitt veileddnings- og informasjonsprosjekt "økologisk landbruk i Rogaland" som vert avslutta i 2007.

#### **2.2.2 Demonstrasjon**

Jmf. Punkt 2.1.3 er lokal demonstrasjon av økologisk drift eit godt verkemiddel for å fremme omlegging til økologisk landbruk

## Einskilde produksjonar: Moglegheiter og utfordringar

### 2.2.3 Økologisk mjølkeproduksjon

Føresetnadene for økologisk mjølkeproduksjon er gode i Rogaland med gode klimatiske tilhøve for dyrking av grovfôr og eit sterkt fagmiljø. Etter søknad om produksjonstilskott var det i 2005 2363 søkerar om produksjonstilskott til mjølkeproduksjon i Rogaland. Marknaden for økologisk mjølk har auka, og i 2006 var underdekning av økologisk mjølk i Rogaland.

#### Økologisk skulemjølk

Tine har etablert klynger for økologisk mjølk i Rogaland. Tine inngår kontraktar med produsentane for levering av økologisk mjølk med ei lengde på 5 år. Det vert gitt kr 60 øre per liter i meirpris til produsentar som ligg innanfor klyngene, og ingen meirpris til produsentar utanfor klynge. Økomjølka vert tappa på Tine sitt anlegg på Sola. Tine sitt økologiske sortiment er tilgjengeleg i heile Rogaland. Tine kan tappe økologisk mjølk i 10- liters poser "bag in box" og i skulemjølkkartongar. Økologisk skulemjølk er berre tilgjengeleg for einskilde skular fordi leveransane av økomjølk er for låge.



Haugaland Meieri har sidan 2005 vore på marknaden med økologiske ferskoster i ulike variantar. Meieriet ligg i Haugesund, og får førebels mjølk frå ein produsent. Produkta er å finne i einskilte dagligvareforretningar, og Holmens distribuerar til storhushaldning.

#### Hovudutfordringar for økologisk mjølkeproduksjon:

- ❖ Låg rekruttering til økologisk mjølkeproduksjon
- ❖ Krav i regelverket om lausdrift innan 2010

#### Tiltak for å auke økologisk mjølkeproduksjon:

- ▶ Kurs, seminar, studieturar o.l. for produsentar og rådgjevarar
- ▶ Presentasjon av økonomiske forhold ved økologisk drift
- ▶ Utvikle rådgjevingstilbotet
- ▶ Fokus på grovfôrkvalitet, kornproduksjon og alternative kraftfôrkilder/fôrslag

## Biffring

### 2.2.4 Økologisk storfekkjøtproduksjon

Lik mjølkeproduksjon, er føresetnadene for økologisk kjøtproduksjon gode i Rogaland. Rasar som nyttar beite godt, og som ikkje treng kraftig sluttföring for å oppnå ønska kvalitet, er best egnar til økologisk drift. Høg etterspurnad etter økologisk mjølk kan gjere det ønskelig for mjøkeprodusentar å einsrette meir av grovfôrgrunnlaget og plassen i fjøset til mjøkleproduksjon. Her kan etablering av økologiske biffringar vere ei løysing. Ein biffring er eit samarbeid mellom bønder om ein sluttföringssining for kalvar som skal nyttas til kjøtproduksjon. Ein får då spesialisert kjøtproduksjonen, og løyser då nokon av dei utfordringane som slakteria har med stor spreying mellom dei økologiske produsentane i både geografi og leveringstidspunkt.

Dei største utfordringane på kjøtsida er marknadsleddet. Det er på kjøtsida at minst av den økologiske produksjonen når fram til forbrukar. Fatland AS og Nortura Vest BA har i dag godkjente anlegg for mottak av økologisk kjøt. Nortura sender økologisk slakt til Fredrikstad og Gol for vidare foredling. Butikkar i Rogaland kan velje i eit sortiment innan økologisk storfe og sau.

#### Hovudutfordringane for økologisk storfekkjøtproduksjon:

- ❖ Dyrkt kraftfôr
- ❖ Låg meirpris for storfekkjøt
- ❖ Stor spreying mellom økologiske produsentar i geografi og leveringstidspunkt gir utfordringar for slakteria

#### Tiltak:

- ▶ Stimulere til etablering av biffringar med økologisk produksjon
- ▶ Stimulere til lokal foredling og omsetting av økologisk kjøt
- ▶ Stimulere etterspurnaden etter økologisk kjøttved hjelpe av demo i butikk etc.

## 2.2.5 Økologisk sauehald



Foto: Arne J. Lyshol

Rogaland har gode føresetnader for økologisk sauehald med lang vekst- og beitesesong, og store beiteareal av både inn- og utmark.

Med om lag 20 % av all sau i landet, har Matfylket også mange gode fag- og produksjonsmiljø, både blant bønder, i foredlingsindustri og matfagleg miljø.

Det har tidlegare ikkje vore eigne prosjekt innan økologisk sauehald i Rogaland. Fylkesmannen i

Hordaland har hatt eit nasjonalt pilotprosjekt på økologisk sau. På grunn av store variasjonar i produksjonsgrunnlag er det naudsaamt med eigne registreringar i Rogaland. Stoltenberg-regjeringa retta særleg fokus på sau i satsinga på økologisk, med nasjonalt mål om 750 bruk med sau innan 2015. Landbruksforsøksringar har fått midlar over jordbruksavtalen for å i samarbeid med faglaget Sau og Geit arbeide særskilt med økologisk sau. 5 ringleiarar i Rogaland vart i 2006 utdanna til rådgivarar innan økologisk sau.

Nortura Region Vest og Fatland sine slakteri i fylket er godkjent for å handtere økologisk. Nokre få bønder får tilbake eige kjøt frå slakteri for privat distribusjon og sal. Meirprissystem har variert for økologisk kjøt. Frå 2006 innførte Nortura Vest eigne rutinar for levering og meirpris for lammekjøt. Nortura og har eigen produktserie med økologisk kjøt, som i 2006 vart tilgjengeleg for butikkar i Rogaland.

### Hovudutfordringar for økologisk sauehald:

- ❖ Liten erfaring med økologisk drift med omsyn på agronomi, økonomi og kompetanse pga. lavt omfang i fylket
- ❖ Tilgang på kalk og gjødselslag til ein akseptabel pris eigna til spreiing på beiter
- ❖ Utvikling av og aksept i heile verdikjeda for felles kvalitetskriterium
- ❖ Stabil avsetnad for økologisk sau- og lammekjøt i marknaden.
- ❖ Større arealkrav per sau i bygningar for økologisk sauehald

### Tiltak:

- ▶ Prosjekt for Økologisk sauehald i Rogaland, kor alle aktørane i verdikjeda blir involverte.
- ▶ Samarbeid med og aktiv marknadsføring av GFR-sau.
- ▶ Få dokumentert økonomien i økologisk sauehald i Rogaland
- ▶ Fokusere på byggetekniske løysingar for å møte krav i regelverk
- ▶ Nærmore undersøking av kulturbeite i økologisk drift
- ▶ Stimulere til lokal foredling og omsetting av økologisk sauekjøt
- ▶ Lære av andre, arrangere studietur, fagmøte og liknande.
- ▶ Få med "representative" sauebønder.

**Store skilnader i regelverk mellom økologisk og konvensjonelt i kraftförbaserte produksjonar**

## 2.2.6 Økologisk svineproduksjon

Økologisk svineproduksjon har lite omfang i Noreg. Store utfordringar er knytte til førtilgang og regelverk. Det er ikkje kommersiell produksjon av økologisk svinekjøt i Rogaland. Statens landbruksforvaltning har gitt midlar til eit nasjonalt pilotprosjekt på økologisk gris på austlandet. Erfaringane her var at produsentane måtte ha ein meirpris på minst 10 kr/kg for å få økonomi i produksjonen. Det var Nortura som tok i mot og stod for salet av svinekjøttet. Det vart lansert ein eigen serie økologiske produkt som vart testa i Oslomarknaden. Salet var ikkje tilfredstillande og satsinga vart avvikla.

I 2006 la den private aktøren Grøstad gris om til økologisk. Dei lanserar eit breitt produktspekter av høgkvalitetsprodukt. Førebels vil produkta berre vere tilgjengelige på austlandet.

Økologisk svineproduksjon er ikkje veklagt i handlingsplan for økologisk landbruk i Rogaland.

## 2.2.7 Økologisk fjørfehald



Økologisk fjørfeproduksjon er lite utbredd i Rogaland. Det er eggproduksjon som er mest aktuelt. Dei som produserar økologiske egg (2006) for sal har anten avtale med Håpet økologisk AS, eller sel privat frå garden. Nortura sitt anlegg på Nærbø er godkjent av Debio for pakking av økologiske egg.

Det er i regelverket for økologisk landbruk strenge krav til bygningar til økologisk eggproduksjon. Omlegging frå konvensjonelt hønsehald til økologisk vil for dei fleste kommersielle produsentar innebere store økonomiske investeringar i bygningsmasse. For privat sal eller levering til mindre aktørar vil etablering av små eller mellomstore besetningar vere aktuelt. Her kan ombygging av eksisterande bygg vere aktuelt.

### Hovudutfordringar for økologisk hønsehald:

- ❖ Store skilnader mellom økologisk og konvensjonell produksjon i regelverk

### Tiltak:

- ▶ Utrede investeringsbehov for å nytte ledige landbruksbygg til småskala økologisk hønsehald

## 2.2.8 Økologisk kornproduksjon

Kornproduksjonen i Rogaland er hovudsakleg å finne på Jæren. Etterspurnaden etter økologisk korn har auka både som følgje av endring av krav i regelverk for økologisk landbruk til 100 % fôr, og som følgje av auka etterspurnad i marknaden etter økologiske produkt. Klimatisk sett er det kornslaga bygg og havre som er best eigna til dyrking i Rogaland. Spelt og Rug er også aktuelt, men her må produsentane finne eigne omsetningskanalar. Felleskjøpet Rogaland Agder har mottak av økologisk korn. Stangeland mølle har godkjent anlegg for handtering av økologisk korn. Stangeland mølle vil nytte korn av matkvalitet og Felleskjøpet Aust Vest korn av fôrkvalitet. Spelt er ein kornsort som det er ønska å fokusere meir på.

Den store husdyrtettleiken er ein fordel for økologisk produksjon fordi tilgangen på husdyrgjødsel er større enn i korndistrikta generelt. Stor husdyrtettleik gjer moglegheitene for vekstskifte betre. Forsøk i Rogaland med økologisk korndyrking gir gode avlingsresultat samanlikna med austlandet. Samanlikna med konvensjonell produksjon må ein vente større variasjon mellom år og noko mindre avling. Høg meirpris for levering av økologisk korn til Felleskjøpet gjer at det sjølv med ein vesentleg avlingsnedgang er økonomisk interessant å dyrke økologisk.



Foto: Arne J. Lyshol

### Hovudutfordringar for økologisk korndyrking:

- ❖ Underskott av økologisk korn på kontinentet
- ❖ Liten tradisjon for korndyrking i fylket
- ❖ Fuktig vekstsesong med flat temperaturkurve
- ❖ Dyrking på leigejord med kortsiktige avtalar

### Tiltak:

- ▶ Rette fokus på praktiske moglegheiter og økonomiske forhold
- ▶ Arrangere studietur, kurs
- ▶ Auke produksjonen av økologisk spelt

## Skilnad i regelverk mellom dei europeiske landa

### 2.2.9 Økologisk veksthusproduksjon

Rogaland har god tradisjon for veksthusproduksjon. Hovudtyngda av veksthusa ligg på Jæren og i Ryfylke.

Økologisk veksthusproduksjon er eit område innan økologisk landbruk som er relativt lite utbreddt. Veksthusproduksjon er ikkje omtalt i EU sitt regelverk for økologisk landbruk. Det er det einskilde land sitt nasjonale regelverk som gjeld for veksthus, og dermed er det visse skilnader i dyrkinga mellom dei europeiske landa.

Skilnaden mellom konvensjonell og økologisk produksjon ligg hovudsaklig i krav til dyrkingsmedium og næringstilførsel. Bioforsk Vest Særheim har i fleire år hatt forsøk med dyrking av økologisk tomat og agurk. Resultata har vore gode, og det er utvikla "oppskrifter" for dyrking. For tomat er dette prøvd ut i stor skala i eit gartneri på Talgje i Finnøy kommune. Rennesøy tomat – og fruktpakkeri er godkjent for å pakke og distribuere økologisk tomat. Marknaden for økologisk tomat og agurk er aukande, men den økologiske produksjonen er som veksthusnæringa i sin heilskap, utsett for svingingar i marknaden. Produsentane av økologisk tomat får berre meir pris for det som vert omsatt i marknaden som økologisk. Det er viktig med heilkjedesatsing kor ein arbeider med å finne løysingar både for produksjon og omsetting.



Foto: Arne J. Lyshol

#### Hovudutfordringar for økologisk dyrking i veksthus

- ❖ Tilgang på godkjende gjødselslag og vekstmedium
- ❖ Liten erfaring med praktisk dyrking i storskala
- ❖ Stabil avsetnad i marknaden

#### Tiltak:

- ▶ Halde fram med registreringar og oppfølging av storskalaundersøk på økologisk tomat
- ▶ Setje i gong marknadsarbeid for auka sal av økologisk tomat og agurk
- ▶ Etablere storskalaundersøk for økologisk agurk

## 2.2.10 Økologisk potet – og grønsakproduksjon

Utviklinga i konvensjonell dyrking av grønsaker går mot spesialisering, større areal av kvar kultur og høgare grad av mekanisering og intensivering. For dei største dyrkarane er leige av jord utbrett. I Økologisk dyrking er det naudsaamt med vekstskifte. Arbeidsforbruket per arealeining er som oftast høgare på grunn av fråvær av syntetiske sprøytemiddel, handluking og bruk av mekanisk ugraskamp. Dette gjer at økologisk grønsaksdyrkning lar seg vanskelig passe inn i eit rammeverk tilpassa konvensjonell produksjon. Samstundes er det i grønsakproduksjonen at det anvendes mest plantevernmidlar. Dermed er grønsaker ein av dei produksjonane der ein vil ha størst miljøfordelar av å fokusere på økologisk.

Ein mulighet for auka økologisk produksjon er at spesialiserte grønsakdyrkjarar som dyrkar tradisjonelt kjem inn og produserer også økologiske grønsaker. Auka behov for areal dekker dei ved å leige "økologisk" areal, eller dyrke i kompaniskap med andre produsentar som driv med økologisk husdyrhald.

Dei som produserar økologisk i dag har ofte mindre omfang av kvar produksjon. Dei fleste sel til Håpet økologiske AS. Nokon få leverar til COOP eller sel frå eigen gard. Forbrukaren set oftast økologiske grønsaker øvst på lista over kva produkt han ønsker økologisk. Likevel har grønsaker tradisjonelt vore eit vanskeleg produkt innan økologisk pga. distribusjon, omsettingsfart i butikk og lite fokus i butikk. Satsing i COOP har gitt auka sal av økologiske produkt og grønsaker har vore eit satsingsområde. Marknaden for økologiske grønsaker har auka og det er rom for ein viss auke i produksjonen av einskilde grønsakslag.



Foto: Eilif J. Tornes

### Hovudutfordringar for økologisk dyrking av grønsaker

- ❖ Ugras og skadedyr
- ❖ Mykje nedbør gjer mekanisk ugraskamp vanskelegare
- ❖ Omsetting – trøng for leveringsavtalar

### Tiltak:

- ▶ Satse på eksisterande fagmiljø
- ▶ Stimulere til samarbeidsløysingar mellom økologisk husdyrhald, korndyrking, potet og økologisk grønsakdyrkning.
- ▶ Stimulere til heilkjedeavtalar mellom produsentar, omsettingsledd og forbrukar
- ▶ Gi informasjon om dei spesielle krava som gjeld for leiedyrking på økologisk drevet jord

### **Økologisk gulrot**

Av viktige grønsakkulturar i Rogaland, er truleg gulrot av dei som vi best kan lykkast med i økologisk dyrking. Næringsstrøgen er ikkje større enn at ein med godt vekstskifte t.d. ompløgd eng evt. grøngjødsling og på god jord kan dekke denne rimeleg godt. Ein føresetnad er godt vekstskifte og flytting av felta langt unna tidlegare gulrotfelt for å unngå gulrotfluga. Ein vanske er og ugraskampen sidan gulrota er treg i etableringsfasen og dekker därleg. Ved bruk av falsk såseng, flaming, mekanisk ugraskamp og luking er dette mogleg.

### **Kålvoxstrar**

Kålvoxstrar utnytter godt organiske gjødselslag då dei har lang veksetid. Næringskravet til kål, blomkål, brokkoli, kinakål m.m. er jamt over høgt. Utfordringar er angrep av kålfuga og sjukdommar som korsblomstringflekk og skulpesopp. Periodevis kan ein få sterke angrep av åmer av kålmøll, nattfly etc. I forhold til dekking med fiberdukk mot slike skadedyr er problemet lang angrepstid – kontra kvalitetsreduksjon av for lang dekketid.

Kålrot har noko mindre næringskrav enn dei andre krålvokstrane. Største problemet er krålfuga og angrep av mjøldogg.

### **Økologisk purre**

I purre er det relativt lite problem med sjukdommar og skadedyr, med unntak av purrerust i visse område. Næringskravet er relativt høgt. Purren etablerar seg seint og dekker därleg mot ugras. Ugraskampen vil derfor krevje stor innsats.

### **2.2.11 Økologisk potet**

Arealet med økologiske potet i Rogaland var i 2001 på 42 dekar, medan arealet med tradisjonell dyrking var på 9669 dekar. Det vil sei at knapt 0,5 % av arealet er økologisk. Potet kan vere ein god kultur i omløp for å få reinska eit areal for ugras. Næringsstrøgen er ikkje spesielt høg. Vanskane i potetdyrkning går særleg på finne sortar som er resistente/tolerante mot tørråte evt. rett tid for å slå ned eller drepe lauvet.

### **2.2.12 Økologisk frukt og bær**

Rogaland er ikkje av de store når det gjeld fruktdyrking, og den økologiske produksjonen er svært liten. Ved Ullandhaug økologiske gård er det moglegheit for levering av økologiske produsert frukt og bær.

- Presentere moglegheitene for produksjon av økologisk frukt og bær i dyrkingsmiljøa i Rogaland
- Nyte erfaringane frå pilotprosjekt i Sogn og Fjordane



**STRATEGI**



**TILTAKS-  
OMRÅDE**



**EKSEMPEL**

**Matmiljø**

**Måltidets hus**

## 2.3 Auke foredling og omsetting av økologiske varer

Rogaland har eit spennande matfagleg miljø, og det er ei utfordring å knytte den økologiske satsinga opp mot det matfaglege miljøet. Både offentlege og private aktørar i matmiljøet har valt å yte aktivt til den økologiske satsinga. I kjølvatnet av oljeverksemda i regionen har det utvikla seg ein spennande restaurantbransje i Stavanger. Også cateringsbransjen har fått eit stort omfang. Rogaland har med sitt store matfaglege miljø eit godt utgangspunkt for å auke foredling og omsetting av økologiske varer. Nasjonalt reknar ein med at potensialet i marknaden for økologiske produkt utgjer rundt 20-25 % av den norske forbrukarmassen. Det største potensialet for omsetting av økologiske produkt i Rogaland er vurdert å vere i byane Stavanger, Haugesund og Eigersund.

### Tiltaksområde:

#### 2.3.1 Økologisk Matkultur

Det matfaglege miljøet i Rogaland har eit absolutt sær preg i si fokusering på anretning og komponering av det ferdige måltid. Eit trendsettande kokkemiljø og landsdekkande aktørar innan tilverking av ferdigrettar og industriell catering er med å rette næringens fokus mot produktutvikling, god smak og matglede. Som hovudsete for Gastronomisk Institutt og sekretariat for "Norges Kokkemesteres landsforening" har regionen ein sterk posisjon innan gastronomi, noko som gir positive ringverknader både mot råvareprodusentar og storhushaldningsmiljøet. Høgskolen i Stavanger avd. Norsk hotellhøgskole tilbyr høgskoleutdanning m.a i kjøkken og restaurantleiing. "Måltidets hus", eit samlingspunkt for aktørar innan storhushaldning er under bygging, og vil få ein viktig funksjon i framtida.

"Økologisk" skal presenterast som ein moderne og trendsettande livsstil basert på årtidsmat og "slow food". Det blir i matmiljøet i Rogaland fokusert mykje på kortreist mat. Dette er heilt i tråd med målsetningane i økologisk landbruk og skal vektleggast i satsinga på økologisk landbruk i fylket. Økologisk mat skal integrerast i satsinga på Matfylket Rogaland.

#### Hovudutfordringar for utvikling av økologisk matkultur

- ❖ Synleggjering og dokumentering av meirverdiane og potensialet for inntening

#### Tiltak:

- ▶ Presentasjon av økologisk på "matarrangement" som Gladmat, Buffet, festivalar o.l
- ▶ Profilere økologisk matkultur gjennom ulike media

### 2.3.2 Økologisk mat i Storhushaldning:

Omsetninga av økologisk mat er i stor grad tilpassa privat forbruk. Storkjøkkenmarknaden utgjer eit stort potensiale for omsetting av økologiske varer. I dei nordiske landa reknar ein med et om lag 1/3 av all omsetning av mat går gjennom storkjøkken. Storkjøkkenmarknaden set samstundes strenge krav til tilgjenge, vidareforedlingsgrad, kvalitet og pris. Her er ligg det store utfordringar knytte til å presentere økologisk mat som eit attraktivt alternativ i storkjøkkenmarknaden.

Ullandhaug økologiske gård avsluttar i 2006 eit nasjonalt pilotprosjekt for økologisk mat i storhushaldning. I prosjektet er det vorte samarbeida med fleire referansebedrifter. Det er og vorte utvikla kursopplegg for personale på kjøkken, internettsida [www.okologipartner.no](http://www.okologipartner.no), og ein rekke kontaktar innan næringa.

Framover er det viktig å engasjere breitt dei aktørane som er aktuelle for den vidare satsinga. Ullandhaug økologiske gård, Fagforum for Mat og Drikke, Gastronomisk institutt, Universitetet i Stavanger, avd. Norsk Hotellhøgskole, Stavangerregionen næringsutvikling, Lokal Agenda 21, Norconserv, Rogaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland har gått saman om å utvikle vidare og integrere kompetanseoppbygginga for økologisk mat i storhushaldning. Ullandhaug økologiske gård skal ha sekretariatsfunksjon for satsinga, og den skal fysisk forankrast i Måltidets Hus.

#### Hovudutfordringar for økologisk mat i storhushaldning

- ❖ Pris, varetilbod, sikre leveransar
- ❖ Liten kunnskap om regelverk, utval og tilbydarar blant kjøkkenpersonale

#### Tiltak:

- ▶ Bygge opp kompetanse om økologisk mat i storhushaldning i eksisterande fagmiljø
- ▶ Informasjon til marknaden om kva bruk av økologisk mat vil innebere
- ▶ Informasjon om regelverk for omsetting av økologisk mat
- ▶ Tilby kurs og gratis førsteråd til kjøkken som vil starte med å bruke økologisk mat
- ▶ Stimulere til heilkjedeavtalar mellom produsentar, omsettingsledd og forbrukar
- ▶ Informere om *økologipartner* som ein nettstad med oversikt over varetilbod på økologisk mat
- ▶ Stimulere til produktutvikling av varar tilpassa storhushaldning

## Abonne- ments- ordning

### 2.3.3 Abonnementsordning

Ulike formar for abonnement av økologisk mat har vore suksessfullt mange stadar. I Stavangerområdet har Håpet økologiske AS ei slik ordning. Håpet økologiske AS er med i eit nasjonalt nettverk for abonnementsordningar med økologisk mat. Dei leverar både til privatkundar og til bedriftar. I Vindafjord og Ølen har Håpet økologiske eit samarbeid med Håpet alfa alfa.

#### Hovudutfordringar for abonnementsordningar

- ❖ Økonomi og logistikk
- ❖ Kundegrunnlag
- ❖ Marknadsføring

## Dagligvare marknaden

#### Tiltak:

- ▶ Stimulere til utvikling av abonnementsordningar slik at fleire delar av Rogaland kan få eit liknande tilbod.
- ▶ Gjere eksisterande tilbod betre kjent

### 2.3.4 Dagligvaremarknaden

Det er i daglegvaremarknaden det største potensialet for økologiske produkt vil vere. Coop og Norgesgruppen har peika seg ut som dei aktørane som satsar mest på økologisk. I tillegg er det fleire spesialforretningar som har økologisk mat. Døme er Økologiske dagligvarer AS som har fullsortiment på økologisk (er ein del av Helios-kjeda), Food Story, kafé og delikatessebutikk i Stavanger, har ein del økologiske varer i sitt sortiment og i sin meny. I Haugesund er dei ein Heliosbutikk. Oikos har i samarbeid med COOP satt i gang eit nasjonalt prosjekt for å auke omsetnaden av økologisk mat i butikk. I Rogaland er det frå hausten 2006 valgt ut 8 butikkar i fylket som får spesiell oppfølging og jamlige demo i butikk.

#### Hovudutfordringar for økologisk mat i dagligvaremarknaden

- ❖ Pris, varetilbod, sikre leveransar
- ❖ Kunnskap og haldningar blant personale i butikk
- ❖ Varierande grad av merking og profilering i butikk

#### Tiltak:

- ▶ Stimulere til tiltak som gir kunnskap og motivasjon til butikkpersonale
- ▶ Stimulere til demo av økologisk mat i butikk
- ▶ Informere butikkane om erfaringar med merking og profilering

## Produkt utvikling

## LANDBRUKET I ROGALAND (tal frå 2005)

### Mjølkekyr

Totalt: 47 598

Øko: 219

### Sau

Totalt: 201 085

Øko: 548

### Verpehøns

Totalt: 978 148

Øko: 266

### Areal veksthus

Totalt: 390 daa

Øko: 3 daa

### Areal eng og beite

Totalt: 929 464daa

Øko: 4424 daa

### Areal korn

Totalt: 35 822daa

Øko: 290daa

## 3 Status for økologisk landbruk i Rogaland

### 3.1 Produksjon og omsetnad av økologisk mat

Rogaland er eit stor jordbruksfylke. Om lag ein sjette del av mjølkeproduksjonen, ein femtedel av kjøtproduksjonen og ein firedel av eggproduksjonen i landet skjer i Rogaland. Dei klimatiske forholda for jordbruksproduksjon er gode og avlingane i Rogaland ligg godt over landsgjennomsnittet

Utviklinga i Rogaland har vore svakt positivt dei siste 4 åra. Det er per 31.12.2005. 52 gardsbruk som er registrert i Debio med økologisk primærproduksjon. På kart i vedlegg 1. kan ein sjå kor dei økologiske brukene er plassert i fylket.


Rogaland ligg langt tilbake samanlikna med andre sentrale landbruksfylke (sjå figur 1.)

Det er Trøndelagsfylka samt Hedmark, Oppland og Buskerud som har flest økologiske bønder (sjå tabell 1.)



Foto: Eilif J. tornes

Når det gjeld aktørar innan import, foredling og omsetnad som er godkjent av Debio er Rogaland langt framme med til saman 31 aktørar (sjå tabell 2). Omsetningsledd som berre handterar emballerte varer som ikkje kan samanblandast med konvensjonell treng ikkje godkjenning. Butikkar som sel økologisk mat vil difor ikkje vere med i denne statistikken.



Endring er i forhold til 2004. Endring i sum øko- og karensarealer for hele landet: + 5 % (jf. side 6).

Figur 1. viser nasjonal fordeling av økologisk areal (tal frå Debio, 2005)

**Tabell 2.** viser fylkesvis fordeling av økologisk landbruk i Noreg (tal fra Debio, 2005)

Fylke	Inspiserte drifts-enheter 2005 <sup>1</sup>	Inspiserte drifts-enheter 2004	Endring fra 2004, prosent <sup>2</sup>	Nye 2005	Utmeldte 2005	Demeter-godkjent <sup>3</sup>
Østfold	169	166	+ 2 %	8	8	2
Akershus	151	148	+ 2 %	13	12	1
Oslo	3	3	0 %	0	0	-
Hedmark	249	250	0 %	13	13	8
Oppland	252	256	- 2 %	15	23	4
Buskerud	235	240	- 2 %	12	18	1
Vestfold	85	83	+ 2 %	6	5	5
Telemark	119	121	- 2 %	6	8	2
Aust-Agder	28	26	+ 8 %	4	1	-
Vest-Agder	42	45	- 7 %	1	4	-
Rogaland	53	51	+ 4 %	5	5	1
Hordaland	107	112	- 4 %	2	8	1
Sogn og Fjordane	157	166	- 5 %	4	13	1
Møre og Romsdal	140	128	+ 9 %	17	4	-
Sør-Trøndelag	294	293	0 %	13	11	3
Nord-Trøndelag	246	232	+ 6 %	21	8	-
Nordland	114	113	+ 1 %	10	10	1
Troms	46	44	+ 5 %	4	1	-
Finnmark	6	7	- 14 %	0	1	-
<b>Sum</b>	<b>2 496</b>	<b>2 484</b>	<b>+ 0,5 %</b>	<b>154</b>	<b>153</b>	<b>30</b>

**Tabell 2. viser fylkesvis oversikt over bedrifter per bransje for foredling, import og omsetnad innan økologisk mat (Debio, 2005).**

Fylke	Meieri	Slakteri	Bakeri	Mølle	Foredling, annet	Gårds-foredling	Servering	Importør	Grossist	Pakkeri	Dagligvare-forretning	Urtemottak	Helskost-forretning	Utenlandsk	
Østfold	1	1	1	4	2	5			2	1	1	3	1	1	
Akershus				4	4	3		1	6	1	3	1		1	
Oslo	1	1	4		5		2	5	7		9	1		2	
Hedmark	2	2		6	4	9				3	4				
Oppland	2	3	1	1		7	1			1	1		1		
Buskerud		1	1	3	2	4			3	2	2				
Vestfold	1	1	2	1		2	1			1	7	1			
Telemark	1				1	5								1	
Aust-Agder	1		1			1					1			1	
Vest-Agder	1			2		2		1				1			
Rogaland	2	5	3	4	2	4	3	2	1	2	1	2			
Hordaland		1	3	1	5	9	1			1	2	1		1	
Sogn og Fj.		2			2	7				2	2				
Møre og R.	1	1	1	2	4	2		1	2		1			1	
Sør-Tr.lag	3	5	2	4	6	2	1		1	2	2	1			
Nord-Tr.lag	1	3		3	2	3									
Nordland	1	5				6									
Troms	1	2				1					2				
Finnmark						1									
<b>Sum</b>	<b>19</b>	<b>33</b>	<b>19</b>	<b>35</b>	<b>39</b>	<b>73</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>23</b>	<b>17</b>	<b>38</b>	<b>8</b>	<b>1</b>	<b>7</b>	<b>23</b>

Antall norske bedrifter: 331

Totalt antall bedrifter: 354

## **3.2 Rammevilkår for økologisk landbruk:**

### **3.2.1 Offentlige myndighetar sine mål**

Mål med økologisk landbruk frå sentrale styringsmakter, kan samanfattast i følgjande punkter:

- Det finnast ein etterspurnad etter økologiske varer, og desse skal i størst mogleg grad dekkast av varer produsert i Noreg.
- Økologisk landbruk representerer ei nisje som gir auka valmoglegheiter for forbrukarane og auka inntektsmoglegheiter for landbruksnæringa.
- Økologisk landbruk medverkar til å gjere det norske landbruket meir berekraftig
- Økologisk landbruk fører til ein meir ekstensiv drift som igjen vil medverke til å redusera overproduksjonen i landbruket.

I St. meld nr. 19 (1999-2001) "om norsk landbruk og matproduksjon", er det satt fram mål om at 10 % av det totale jordbruksarealet i Noreg skal vere omlagt til økologisk drift innan 2010. etterspørsel i marknaden er ein føresetnad for satsinga. Stoltenberg-regjeringa la fram mål om 15 % produksjon og omsetnad av økologiske mat innan 2015 i sin regjeringserklæring

### **3.2.2 Regelverk**

Økologisk landbruk er gjennom EU- rådsforordninga 2092/91 eit lovbeskytta omgrep i Noreg. Produkt kan berre marknadsførast som økologiske, dersom dei er produsert og kontrollert i henhold til "forskrift om produksjon og merking av økologiske landbruksvarer", fastsett 5. mai 1998 av landbruksdepartementet. Gjennom EØS- avtalen er EU- forordningar om økologisk landbruk gjort gjeldande i Noreg.

Mattilsynet er kontrollmyndighet for produksjon, omsetnad, foredling, pakking og import av økologiske produkt. Debio er utøvande kontrollorgan og godkjenner for bruk av omgrepet "økologisk" og for bruk av Debio-merke.

### **3.2.3 Aktuelle tilskotts - og finansieringsordningar**

#### **Statens landbruksforvaltning**

Ordningar som administrerast av Statens landbruksforvaltning (SLF) er presentert nedanfor (frå [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no))

Tilskott til fremme av økologisk landbruk og økologiske landbruksprodukt utlyses med søknadsfrist 1. september for påfølgjande kalenderår. Det kan søkes om midlar til prosjekter innan følgende område (sitat SLF):

- [Helkjedeavtaler](#) som innebærer forpliktede avtaler mellom leddene i verdikjeden knyttet til produksjon og omsetning av økologiske landbruksprodukter.
- [Markedsstrategier](#) knyttet til omsetning av økologiske landbruksprodukter (foredlere, omsetningsledd og forbrukere).
- [Veiledingstiltak](#) for primærprodusenter med formål å bedre tilbudet om veiledning og informasjon innen økologisk landbruk til primærprodusenter.
- [Nasjonale pilotprosjekter](#) som skal fremskaffe/prøve ut nye kunnskap om økologisk landbruk i et helkjedeperspektiv.
- Utenom søknadsfristen 1. september kan foredlingsledd/aktører som bidrar til å få økologiske kjøttprodukter frem til butikken, søke om [Premieringsordning for økologisk kjøtt](#).
- Til utviklingstiltak innen økologisk landbruk hører også tilskudd til gjennomføring av tiltak i [regionale handlingsplaner](#) i regi av fylkesmannsembetene.
- Det gis tilskudd til [økologisk formeringsmateriale](#) .

#### **Bygdeutviklingsmidlar (BU-midlar)**

Formålet med BU- midlane er å legge til rette for lønnsam næringsutvikling i bygdene innan og i tilknyting/samband til landbruket. Bygdemobilisering, utviklingstiltak med basis i kommunens generelle arbeid for næringsutvikling og ungdomstiltak er aktuell satsing. Kompetanseutvikling, nettverksbygging, felles utviklingstiltak for bygdelag/bransjar/ næringer og samarbeidsprosjekt er viktige arbeidsfelt.

Økologisk produksjon har i både nasjonal og regional strategi for landbruksbasert næringsutvikling prioritet. Det kan løvast midlar til investeringar i bygningar og anlegg i samband med omlegging til økologisk produksjon. Dette gjeld også tiltak som fylgjer opp prosjekt for utvikling av økologisk landbruk i Rogaland, initiert av FMLA. Småskalaprega vidareforedling av økologiske råvarer til gardsmatprodukt har høg BU- prioritet. Det same gjeld utviklingstiltak for å få økologiske produkt til marknaden.

## **Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon**

Verdiskapingsprogrammet skal legge til rette for primærprodusentar og næringsmiddelbedrifter som utviklar spesialiserte matvarer av høy kvalitet for sal i marknader med høy betalingsvilling. Søknader skal sendast til Innovasjon Noreg. Det blir tilrådd å ta kontakt med Innovasjon Noreg før du skriv søknad.

## **EVL- midlar**

Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket har som mål å auke kompetansen til næringsutøvarene innan landbruk og landbrukstilknytta verksem. Godkjente kursarrangørar får støtte til å gjennomføra etterutdanningskurs for bønder (EB-kurs). Kvote (økonomisk ramme) vert tildelt kvar arrangør for skuleåret og støtta vert utbetalt etter søknad og faste satsar. Etterutdanningsutvalet i Rogaland (EB-utvalet) fordeler kvotar og kan gje nærmere retningsliner for fordeling av midlane. Kursa vert annonsera gjennom EB-katalogen, Fylkesmannen sine internettssider og gjennom media ettersom kursa vert gjennomførte.

### **3.2.4 Naturgitte rammevilkår viktige for produksjonen**

Rogaland har eit typisk kystklima som kan karakteriserast med tidleg vår, lang vekstsesong og milde vintrar. Tida av året når døgntemperaturen er over 5 grader C, reknar ein som vekstsesong. Vekstsesongen i dei tidlegaste områda, i første rekke Jæren, startar om lag 1.april og endar om lag 1.november. I dei indre stroka er vekstsesongen nokre veker kortare. Årsnedbøren ligg mellom 1.200 og 2.000 mm for dei viktigaste områda.

Dette betyr at Rogaland har gunstig klima for husdyr- og planteproduksjon. I husdyrfylket Rogaland er det grasdyrkjung og beitebruk som dominerer. Vidare er det ein del kornproduksjon på Jæren samt grønsak- og potetproduksjon.

Ei ulempe er at hausten enkelte år kan vera svært fuktig.

I sum det i vårt fylke gode klimatiske forhold for å leggje om til økologisk produksjon.



## Einingar med økologisk produksjon

Kartgrunnlag: Statens kartverk

Kildedata: FMLA, Søknad om

produksjonstilskott 2005

Produksjonsdato: April 2006



Fylkesmannen i Rogaland  
Landbruksavdelinga

**klyngeområde for økologisk mjølk**

- Einingar med økologisk drift